



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 12.03.2019

**Møtested:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 18.00

Spørjetime kl. 18.00

Orienteringar:

- Kreftkoordinatoren sitt arbeid
- NGIR orienterer om nedgravne renovasjonsløysingar

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seifaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem

Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Edgar Grindheim	AP	Ann Christin Hoen - AP
Johnny Ystebø	SP	Anne Berit Bø Palmesen - SP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Frode Hervik - V
Finn Frantzen	KRF	David Pletten Aasgard - KRF

Følgjande fra administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Olaf M. Hella, økonomisjef  
Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det møtte 23 av 25 representantar.

Kenneth Taule Murberg (H) fekk permisjon etter Spørjetimen og orienteringar (kl. 19.30).

Orienteringar:

- Anne-Britt Hauge orienterte om kreftkoordinatoren sitt arbeid.
- Kommunikasjonsrådgjevar Håvard Skutle og dagleg leiar Bjørn Berg i NGIR orienterte om nedgravne renovasjonsløysingar.

Det vart stilt seks skriftlege spørsmål i Spørjetimen før møtestart.

## Saksliste

Saksnr	Tittel
001/2019	Meldingar og referatsaker
002/2019	Rebudsjettering varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkjer
003/2019	Forvaltningsrevisjon - "Offentlege anskaffingar" Radøy kommune
004/2019	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018
005/2019	Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS

## 001/2019: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Økonomisk resultat: Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om det svært gledelege resultatet for Radøy kommune i 2018. Kommunen fekk eit netto driftsresultat på 16,5 mill. kroner - eller 3,6 prosent, som er om lag 8,3 mill. betre enn budsjett. "Botnlina" viser pluss på over 21,4 mill. kroner, som er om lag 8,2 mill. betre enn budsjett. Økonomisjefen sa at grovt sett skuldast avviket i høve til budsjett auka inntektsutjamning på 1,8 mill, auka statlege tilskot på 1,2 mill, og innsparinger i drift på om lag 5 mill. Korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond, viser den "reine" drifta eit netto driftsresultat på om lag 5,6 mill. kroner, eller 1,4 prosent av driftsinntektene. I 2017 var tilsvarende tal 6,5 mill. kroner.

Brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 var 312 mill, ein auke frå 281 mill i 2017. Netto lånegjeld er om lag kr 53.576 pr innbyggjar, mot 48 259 i 2017, og i høve til samla inntekter har gjelda auka frå 55,7 prosent til 59,7 prosent.

Økonomisjefen opplyste at endeleg rekneskap for 2018 vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning i junimøtet.

Kreftkoordinator: Anne-Britt Hauge orienterte om sitt arbeid som kreftkoordinator.

Nedgravde renovasjonsløysingar: Kommunikasjonsrådgjevar Håvard Skutle og dagleg leiar Bjørn Berg i NGIR orienterte om nedgravne renovasjonsløysingar.

Årsrapport Aufera: Ordføraren trekte årsrapport for Aufera 2018 frå sak om meldingar og referatsaker. I staden vil årsmeldinga for verksemda verta lagt fram for kommunestyret i junimøtet.

Finansiering Nordhordlandspakken: Roy Bø (FRP) orienterte om eit møte Alver FrP har hatt med samferdselsminister Jon Georg Dale. Her vart spørsmålet om større statleg finansiering av Nordhordlandspakken tatt opp. Roy Bø peika på at det er lagt opp til at staten berre skal inn med 20 prosent av kostnadane i bompengepakken i vår region, medan det i bompengefinansiert vegprosjekt i Os er lagt opp til 60 prosent statleg finansiering. Bø sa at han oppfatta at statsråden kan vera villig til å sjå på finansieringsopplegget i Nordhordlandspakken.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

## 002/2019: Rebudsjettering varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkjer

### Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

### Vedtak:

For 2019 vert det løyvd kr 4.700.000 til Radøy sokn, til investeringar i varmeanlegg i Manger og Hordabø kyrkje. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar frå 2018.

---

#### 003/2019: Forvaltningsrevisjon - "Offentlege anskaffingar" Radøy kommune

##### Behandling:

Ordføraren Jon Askeland orienterte om bakgrunnen for saka. Han peika mellom anna på at rapporten frå forvaltningsrevisjonen neppe vil vera klar før Alver kommune er etablert, og det er vurdert at revisjonsrapporten vil ha relativt liten overføringsverdi inn i Alver kommune.

##### Ordføraren sette fram følgjande framlegg:

Forvaltningsrevisjon innkjøp/offentlege anskaffingar i Radøy kommune vert teken ut av prosjektplanen for kontrollutvalet.

Kommunestyret vedtok framlegg til vedtak, sett fram i møtet.

##### Vedtak:

Forvaltningsrevisjon innkjøp/offentlege anskaffingar i Radøy kommune vert teken ut av prosjektplanen for kontrollutvalet.

---

#### 004/2019: Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018

##### Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella sa at arbeidet med trygge og gode læringsmiljø er viktig, og at auka fokus på dette vil vera ein viktig føresetnad for vidare læringsarbeid på skulane. Han slo fast at kommunen må sjå arbeidet med born og unge i ein heilskap, der både kultur, musikk og idrett er viktige område.

Han sa at rapporten gir gode signal om at det vert jobba godt i skulane. Læringsmiljøet er blitt betre, og han viste til oppløftande resultat i arbeidet mot mobbing på alle skulane. I tilstandsrapporten er det lagt inn mål - i denne presentasjonen er det også tatt med eit punkt om at "Ingen elevar skal oppleve å verta krenka over tid på skulen".

Det er eit mål at utviklinga på nasjonale prøvar for 5.-8. trinn skal følgja nasjonalt snitt, og at 5. trinn i 2020 skal ha mål om 50 poeng på nasjonale prøvar. Utvikling på nasjonale prøvar frå 8.-9. trinn skal vera på fire poeng. Innan 2022 skal resultatet for grunnskulepoeng løftast til 40 poeng i snitt for gutane. Kommunalsjefen er bekymra over det store spraket mellom gutter og jenter i grunnskulepoeng, noko som er ei utfordring både lokalt og nasjonalt. Han ser behovet for å setja inn tiltak for at gutane skal koma på eit høgare nivå.

Tilstandsrapporten legg også opp til tidleg innsats og tiltak for å stimulera språk og leseutvikling frå barnehage ut grunnskule.

Tilstandsrapporten og utviklinga i Radøy-skulane vekte begeistring i kommunestyret, som omtalte

dette som ein informativ løyperapport.

Sara Sekkingstad (SP) gav uttrykk for glede over at skulane ser ut til å lukkast godt med læringsmiljøarbeidet. Ho berømma dei tilsette i skulane for det gode arbeidet som vert gjort. Ho er framleis noko uroa over lesekompesansen og slo eit slag for å bruka biblioteket og få opp lesegleda.

Ordførar Jon Askeland sa i ei oppsummering at Radøy-skulane no er på eit nivå som kommunestyret som skuleeigar kan vera stolt av.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

#### Vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for grunnskulen i Radøy 2018 til orientering.

Kommunestyret rosar arbeidet og utviklinga i Radøyskulen, og gjev honnør til elevar, tilsette og heimane.

---

### 005/2019: Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS

#### Behandling:

Formannskapet handsama saka i møte tidlegare same dag.

Ordførar refererte formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.

Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

#### Vedtak:

Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.

Radøy kommune ber det nye selskapet om å ikkje nytta forkorting som kan forvekslast med Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

---